



*I all sin glans nu stråler solen, livslyst over nådestolen, nu er det pinseliljetid,
nu har vi sommer lys og blid, nu spår oss mer enn englerøst, i Jesu navn en gyllen høst! (NS nr. 232)*

Nr. 2

62. årgang

Sommer 2021



Andakt

Lytt – kjenn – sjå!

Dersom du er på leit etter ein god andakt, har eg eit betre råd til deg enn å lese dette. Den andakten ingen ord kan romme, finn du ute no om våren. Så om du framleis les dette for å få med deg ein andakt, så oppsøk stillheten, møt den som du møter ein god ven – vær saman med stillheten eit øyeblikk, eit minutt, ein time. Lytt – kjenn – sjå kva den vil gje deg.

Vennene til Jesus fekk ei liknande oppfordring då Jesus hadde stått opp frå dei døde og viste seg for dei før han for til himmelen. Lytt – kjenn – sjå, sa han. Kanskje vil du stusse litt på omsetjinga under; den er henta frå Bibelen 2020 – lettlest. Du kan finne den på bibel.no

Jesus viser seg for lærlingane

Medan dei snakka om dette, kom Jesus sjølv. Han stod midt iblant dei og sa:

«Fred vere med dykk!» Lærlingane skvatt og vart livredde. Dei trudde dei såg ei ånd. Jesus sa til dei: «Kvifor er de så urolege? Og kvifor tvilar de? Sjå på hendene og føtene mine. Det er eg! Ta på meg og sjå! Ei ånd har ikkje kjøt og bein. Men det har eg, som de ser.»

Lærlingane var fulle av glede og undring. Dei kunne ikkje tru at det var sant. Då sa Jesus til dei: «Har de noko å eta her?» Lærlingane gav han eit stykke steikt fisk. Jesus tok imot fisken og åt han medan lærlingane såg på.

Oppdraget og krafta

Jesus sa til lærlingane: «Vi har vore saman lenge. Eg har fortalt dykk alt som skal skje. Eg har sagt kva det står om meg i Moselova, hos profetane og i Salmane. Alt dette skal gå i oppfyllding.» Så opna han tankane deira, slik at dei kunne forstå skriftene. Jesus sa til dei: «Det står skrive at Kristus skal lida. Han skal stå opp frå dei døde den tredje dagen. I hans namn skal de forkynna og seia: «Snu om på livet! Gud vil tilgje at

de har brote med hans vilje!» Dette skal de forkynna for alle folkeslag. De skal byrja her i Jerusalem. De er vitne om dette. Far min har lova å gje dykk kraft frå det høge. Eg skal senda dykk krafta. Ho skal omgje dykk og verna dykk, som kledda de ber. De skal venta her i byen til det hender.» Lukas 24:36-49

Eg er mellom dei som erfarer at trua i mindre og mindre grad er ei intellektuell øving i rett og gale, forstått og misforstått, men meir og meir er ein måte å leve på, ei livshaldning. Les gjerne bibelteksten over ein gong til. Bytt ut personleg pronomener i 2. person fleiral til 1. person fleirtal (viss du liker grammatikk). Les «oss» i staden for «dei» osv. Då er det lettare å oppdage kva Jesus sine råd til forvirra og lite truande lærlingar er: berre lytt – kjenn – sjå.

Lukke til!

**Ingebjørg Laugaland
Sokneprest i Vang**

VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Kløykkar: Helge Lajord
Kyrkjjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Kløykkar: Solveig Heimlid
Kyrkjjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevjerje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Steinar Frøyen
steinar.froyen@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkryset

Kløykkar: Ola Bøland
Kyrkjjetenar: Olav Bøland
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 118656

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Kløykkar: Geir Kongslie
Kyrkjjetenar: Odd Helge Rudi
Kyrkjevjerje: Andris Kjøs
Soknerådsleiar:
Marta Bjørnøy Lalim
martalalim@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135
2977 Øye

Kløykkar: Ola Bøland
Kyrkjjetenar: Olav Bøland
Kyrkjevjerje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Torild Øye
torild1707@gmail.com
Kontonr: 2146.20.55304
Vipps 118656

TILSETTE:

Sokneprest:

Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret på Kommunehuset

Dagleg leiar: Guro Hovda
e-post: gh575@kirken.no
Sekretær: Jovita Budvytiene
e-post: jb459@kirken.no
Tlf: 61 36 95 90
Kontortid: 08.30-15.30

Kantor i alle kyrkjer: Arthur Bødvytis

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:

Nils Bjarne Wangensteen
Tlf: 926 67 124
Felles e-post:
post.vangivaldres@kirken.no

Neste menighetsblad utkommer uke 41, frist for innsending av tekst og bilder er 20. sept. 2021. Bidrag sendes på epost til vangmenighetsblad@gmail.com

Framsidedfoto: Konfirmantkullet 2020. Fotograf Marit Skredegård, Gol

Kirkegårdsdugnader

I skrivende stund er dugnadene ved kirkene ferdig, og mye godt arbeid er utført. Det er flott at vi fortsatt har denne tradisjonen, og det er viktig at de neste generasjoner også ser verdien av en innsats for fellesskapet. Vi har fått tilbakemelding på dårlig informasjon, så det skal vi ta med oss til neste år. For deg som ikke er på facebook: husk å bruke nettsida kyrkja.no/vang. Der står det mye informasjon, og slike ting som dette legges ut der.

Øyebakkin

Arbeidet med alt som skal gjøres på Øyebakkin, er kommet godt i gang. Det blir en sommer med mye graving og snekring og rot, men det blir veldig bra etterhvert. Nå jobbes det også iherdig med informasjonen som skal vises i besøkssenteret – det nye huset som kommer opp i sommer og høst. I kjelleren blir det tekniske løsninger for slokkeanlegg til stavkirken, og i 1. etasje ønsker vi å lage en utstilling med informasjon om bl.a. Øye stavkirke, de andre stavkirkene i Valdres og stavkirkenes egenart. Ute blir det informasjon om Kongevegen,

Pilegrimsvegen og andre lokale attraksjoner.

Omvisning i stavkirkene

I fjor måtte vi stenge Øye stavkirke pga smittevern, men i år kan vi igjen ta imot gjester. Hansker og munnbind må til, men det må gå. I Øye kommer Gudrun Niemeyer tilbake, og i Høre skal mannen hennes, Rolf, og Knut Kampen Framstad dele på dagene. Det blir åpent 4 dager pr. uke i hver kirke, og vi håper mange vil ta med seg gjester som kommer på besøk i sommer, og vise fram de fine stavkirkene.

Noen slutter, og noen begynner

Andris Veflen starta som kirketjener i Høre stavkirke i januar 1998 – inntil videre. Det ble 23 midlertidige år, der han ikke bare har vært kirketjener, men også gjort et formidabelt arbeid med kirkemurene da de måtte repareres, og han har stadig vært på farten med snøfreseren og strøkassa på vinteren. Det tok tid å finne noen til å overta for Andris, men nå har han fått avløsning. 1. mai starta Odd Helge Rudi opp i stillinga, og han har allerede fått prøvd seg på både begravelse, gudstjenester og



konfirmasjoner. Når jeg spør om han kan ordne noe, er beskjeden: «Ja, det går sikkert bra». Fint med å fortsatt ha slike folk i arbeid! Takk for kjempeinnsats til Andris og velkommen til Odd Helge!

Kari Ødegården Straum har også vært en trofast medarbeider. Hun starta som reinholder i Heensåsen kirke i april 2011 og har utført arbeidet aldeles utmerket. Kari er beskjeden og liker ikke noe oppmerksomhet, men det er likevel synlig at hun har gjort en god jobb. Det legges merke til at det alltid er fint og reint i kirken. Nå overtar Redvita Petkeviciene, som allerede vasker i de andre kirkene våre, så vi er trygge på at det fortsatt blir godt reinhold på Heensåsen. Takk for meget godt arbeid til Kari og velkommen til Redvita!

Jeg ønsker alle er finfin sommer!

Guro Hovda

Den viktige summetonen

Den beste sommarlyden eg veit er når humla summer i hagen.

Økosystema på jorda består av eit utruleg artsmangfald som på ulike måtar påverkar og er avhengige av kvarandre. Klimaendringar og utstrekt arealbruk i våre eigne interesser er noko av det som har mest negativ konsekvens for naturmangfaldet.

Kyrkjegardane har store areal med gras som blir klypt heile sommaren, men ikkje alle areal er teke i bruk til graver. For å vere med å gjere det vi kan, vil vi i år setje att nokre felt som ikkje blir klypt. Vi sår frø av villblomar, og klypper det når det ikkje lenger ser fint ut. Då har insekta fått boltre seg heile sommaren.

Ved St.Tomaskyrkja får fjellfaunaen stå til seint på sommaren, og ved

Øye stavkyrkje blir det berre klypt litt rundt kyrkja og langs stigen inn til kyrkja. I Vang vil området rundt bærehuset mot Vangstunet stå uklypt. Ved Heensåsen kyrkje blir det ikkje klypt, så der vil vi gjerne ha blomar, og det same langs prosesjonsvegen ned til gravene på kyrkjegarden. I Høre er det fint om det blir blomstereing på den nye delen opp mot vegen og oppe ved 1000-årsstaden. På den nye kyrkjegardsmuren i Høre er det lagt sedum, - det er snadder for insekta.

Har du frø du også vi strø utover er det hyggeleg. Men berre der du ser det ikkje blir klypt.

Om du registrerer auka aktivitet med insekt er det fint å få eit hint om det. Nytt sommaren og summetonen.

Guro Hovda



Mi pinsesalme

Denne songen blei til fordi to tilsette i kyrkja i Hjelmeland – barne- og ungdomsprest Ingebjørg Vik Laugaland og kantor Anne-Berit Rinde Bjelland – hadde eit ønskje om å kunne tilby pinsevandringar til barnehagar og skuleklassar. Frå før hadde vi tilbod om påskevandringar og hadde og prøvd ut julevandringar, begge deler etter opplegg frå IKO (Institutt for Kristen Oppseding). Men – det var uråd å finne eit ferdiglaga opplegg for pinsevandring. Dermed måtte vi setje oss ned og lage eit opplegg – saman.

Opplegget tok form. Samtidig leita vi etter songar som kunne setje konkrete ord på pinsa, men innsåg snart at salmane i salmeboka framstod som litt for abstrakte og «vaksne» for målgruppa. I mangel av noko betre gjekk vi i gong med å lage vår eigen «pinesong».



Vi kan trygt seie at både tekst og melodi vart til i eit fint samvirke. Ingen av oss stod åleine om verken tekst eller melodi, men kunne utfylle kvarandre på ein god måte. Versa skulle handle om Den Heilage Ande sitt virke, slik vi kan fatte det med sansane våre. Difor vart innleiinga til kvart vers «lytt», «kjenn» og «sjå». I utgangspunktet ville vi lage ein salme med eit så enkelt og tydeleg omkvad at til og med barnehagebarn kunne henge seg på. Eit omkvad som

skulle peike på Den Treeinige Gud: på Gud, som har skapt oss, Jesus som har frelst oss og Den Heilage Ande som gjev oss liv!

Etter kvart har salmen blitt innsungen og skatta også blant mange vaksne i kyrkjelydane i Hjelmeland. Salmen er nok mest i bruk i tida rundt pinse, anten vi har pinsevandringar med skular og barnehagar eller feirar gudstenester, men står seg godt elles i året og.

Anne-Berit Rinde Bjelland

Lytt til alle tonane i verda

Tekst og melodi: Ingebjørg Vik Laugaland og Anne-Berit Rinde Bjelland 2008

1. Lytt til al - le to - na - ne i
 2. Kjenn at vin - den bles i - gjen - nom
 3. Sjå på kyr - kja, ly - san - de i

ver - da, lytt til al - le tun - ge - mål som
 hå - ret, kjenn at el - den var - mar hen - de -
 mør - ket, sjå på sto - re, små som sam - last

Dsus4 D D/C Hm7 G7 G7/H
 finst. Gud er ein og Gud har skapt dei
 ne. Hei - lag an - den ver - kar gjer - ne
 der. Kom, du Hei - lag An - de, vis oss

C Am G/D C/D
 al - le, så u - li - ke og vak - re som dei
 stil - le, ut - an at vi ser, men kjen - ner
 ve - gen, vis oss Je - sus, vis oss kven han

G C/G G Omkvad: C G/H
 er. det. Tenk at Gud har skapt oss,
 er.

Am D G G7 C Am C/D
 Je - sus frelst oss, og at Hei - lag - an - den gjev oss

12 G
 liv!

Lytt til alle tonane i verda

1. Lytt til alle tonane i verda,
 lytt til alle tungemål som finst.
 Gud er ein og Gud har skapt dei alle,
 Så ulike og vakre som dei er.

Omkvad:
 Tenk at Gud har skapt oss,
 Jesus frelst oss,
 Og at Heilaganden gjev oss liv.

2. Kjenn at vinden bles i gjennom
 håret,
 Kjenn at elden varmar hendene.
 Heilaganden verkar gjerne stille,
 utan at vi ser, men kjenner det.

3. Sjå på kyrkja, lysande i mørket,
 Sjå på store, små som samlast der.
 Kom, du Heilag Ande, vis oss vegen,
 Vis oss Jesus, vis oss kven han er.



Bak denne QR-koden gøymmer det seg ein film der salmen blir framført av Astrid Bjelland, tverrfløyte, Rita Sørensen, song, og Anne-Berit Rinde Bjelland på orgel. Vil du sjå og høyre denne salmen?

Da kan du opne denne QR-koden, slik:

1. Finn fram smarttelefonen din og opne kamera
2. Peik kamera på firkanten, altså QR-koden
3. Då kjem det opp ein link oppe på skjermen.
4. Trykk på den
5. Lytt til salmen!

Prestelis på prærien

Kva tenker du når det står ein tom ølboks på grava?

Dette hende meg ein vårdag på prærien. Ein av ungdommane i bygda hadde sovna bak rattet i bilen medan han køyrde heim frå nattevakt, og omkom. Det hadde vore gravferd frå kyrkja vår, sidan han var medlem der, men han låg ikkje på kyrkjegarden ved kyrkja sidan han også var Nez Perce-indianar. Stammen hans ønska å gravlegge han ein annan stad. Staden det var snakk om, var eit lite stykke unna, og det gjekk an å sjå bort dit frå kyrkja. For meg såg det ut som ei glenne i skogen på andre sida av dalen, ein fin plass. Dette var staden. Her skulle grava hans være.

Som utlending i det store frie landet til indianarane – kyrkja låg i Nez Perce-indianarane sitt reservat – hadde eg ingen grunn til eller ønske om å legge meg bort i emne som «vigsla jord» eller

regler og retningslinjer for graver. For indianarane er all jord vigsla, og eg har mang ein gong tenkt at det er ein betre måte å forstå jorda og kloden på, enn slik eg lærte: «Fyll jorda og legg henne under dykk», koste kva det koste vil.

Det var første gongen eg besøkte grava at synet av ølboksen møtte meg. Hadde eg ikkje visst at dette var ei grav, hadde eg ikkje tenkt det. Eg såg ein stein, tørr jord, og denne tomme ølboksen. Boksen var ikkje slengt der, det var ikkje søppel, det var noko anna. Eg fekk ikkje heilt tak i samanhengen, så eg stakk innom hjå felles vener for å lære meir om gravferdsrituale.

Det viste seg at ølboksen hadde sin misjon på grava. Kameratane hadde vore samla kort etter gravferda og nettopp: tatt eit par øl saman med venen som dei hadde mista. Hans boks sto att. Med vilje.



Rituale, tradisjon, seremoni, kva det no vert kalla. Gutegjengen viste sin respekt for venskap, liv og død, ved å samlast der, slik.

Eg gløymer ikkje denne grava. Heller ikkje guten og venene hans.

The Reverend pastor Laugaland

Kvinnenes internasjonale bønadedag

har vore markert i Vang i mange tiår; i Noreg sia 1920-åra. Internasjonalt starta opplegget i USA i 1887 med bakgrunn i naud blant immigrantar og etterkomarar av slavar. Kvinner frå ulike kyrkjesamfunn samla seg om ein felles bønadedag for desse. Seinare utvikla bønadedagen seg til eit internasjonalt økumenisk prosjekt med fellesskap og relasjonsbygging mellom ulike kulturar og ulike kristne tradisjonar.

Kvart år fokuserer Kvinnenes internasjonale bønadedag på eit land med ulike diakonale utfordringar; i 2021 på øygruppa Vanuatu aust for Australia. Øygruppa i Stillehavet vert stadig utsett for naturkatastrofar, som syklonen Pam i 2015. 75 % av folket bur på landsbygda. Mange born får dermed lang skuleveg, og nokon må bu på internat. Der er heller ikkje skuleplikt, og gutar og jenter har ulik status. Øystaten er elles prega av høg folkevekst, stor arbeidsløyse, underernæring og feilernæring.

Kvinner frå Vanuatu har laga bønadedagsprogrammet med temaet *Bygg på fast*


grunn som tek utgangspunkt i Salmane 127 og Matt.7, 24-27.

Dersom Herren ikkje bygger huset, arbeider bygningsmennene fåfengt. Dersom Herren ikkje vaktar byen, vakar vaktmannen fåfengt.

Bibelselskapet satsar på kvinnerelaterte prosjekt i det landet bønadedagsprogrammet kjem frå. Bibelselskapet sitt prosjekt i Vanuatu, Bygg på fast grunn, skal gå til å utvikle tiltak for unge landsbykvinner med fokus på utdanning og arbeidsplassar, svangerskap og fødsel, barnehelse og kreft.

Kvinnenes internasjonale bønadedag i Vang går på omgang mellom dei fire sokneråda den fyrste fredagen i mars. I år stod Heensåsen for tur.

Kristin Bakke Lajord leia bønadedagsprogrammet med god hjelp av Elin Rømyhr Haugen, Guro Hovda og Solveig Heimlid. Solveig delte også eigne tankar rundt temaet Bygg på fast grunn. Alistair Peters spelte til songane Se vi går opp til Jerusalem, Jeg er i Herrens hender, Noen må våke i verdens natt og



«Syklonen Pam 13.mars 2015» måla av Juliette Pita, ein kjend kunstnar i Vanuatu.

Den dag du gav oss er til ende. Alistair, som framleis er like stø på tangentane, sette ei tonefull ramme rundt arrangementet med preludiet Änglagård og Nå la oss takke Gud som postludium.

- så vert det ein ny Kvinnenes internasjonale bønadedag fyrste fredagen i mars 2022.

Kari Bø Wangensteen

17. mai-tale 2021

Då var dagen komen som me alle har lengta så etter,
Dagen då varme og ljøs skal ta over for kulde og vetter.
17. mai er vi så glad i har diktaren Munthe mint oss på i over 100 år,
Nasjonaldagen vår er me stolt av og er utruleg viktig, både i dag og i går.
Landet vårt i myrkret lenge låg, seier Blix i fedrelandssongen,
I vår tid er det pandemien som rår, men me står han av også denne gongen.

17. mai er alltid og vera skal, dagen for våre yngste kvinner og menn,
dei som skal ta over landet, sakte og smått om senn.
La dei få oppleve for alltid den glede det for oss alle er,
Å få leve i eit fritt land, med solidaritet, likheit, brorskap – ja, Gud me ber.
Is og brus skal i dag fløyme over til alle som er framtida vår,
Me er så stolte av dykk – overskot og glede frå dykk alle me får.

Men ein nasjonaldag som denne med flagg og med korps må alltid hugse på,
Å minnast dei som gjekk føre og bygde dette landet, og sa «det blir nok ei råd».
Om fattigdom, krigar, svolt og elende for mange var kjent,
Dei krevde ikkje meir enn dei måtte og passa alltid på at eit lys var tent.
Eit lys for at livet eingong skulle bli så mykje betre å leve,
Ha takk for alt de måtte gjennom, både møda og strevet.

Vang – den fagraste bygd du deg tenkje kan, frå høgste tind til Ryfossen sitt velde,
frå Smådalens mystikk til Bygdins breidd – her er storslått natur som for alltid vil gjelde.
Olav Gullik Bøe seier i diktet at «sol og jord og vatn var der gråstein' fekk sitt feste.
Vårherre smilte då han for: Det siste vart det beste».
Men eit «land» utan folk er ikkje mykje å vere kry av,
Derfor me set pris på kvar og ein av dykk – de er vårt nav.

Det hender me kranglar og slåss litt og blir ikkje samde, framande, ja dei er me redde,
Men så opnar me opp våre godhuga sinn – slemper til alle som her vil bli bedd
Utanforskap er eit ord me vil slette, alle skal med må du vite,
For Vang har plass nok og hjarterom til alle – eit vennleg smil – det kostar så lite.
Og gjester kjem ofte til gards på hytter og tun, det er visst gromt vera her,
Me likar å sjå det er aktivitet rundt i bygda – takk til alle som ein forskjell gjer!

Men la oss ikkje gløyme kva dag det i dag er: Nasjonaldagen med historisk sus,
Med barnetog (ja, iallfall biltog), sang, flagg og korps, og masse pølser, is og brus.
Neppe dei visste dei 112 edsvorne menn som på Eidsvoll om vår Grunnlov vart samde,
At dagen skulle bli feira så grundig i byar og grender i hundrevis av år i heile landet.
Flagget me lyftar så krye opp mot sky, teikna av Meltzer, er 200 år i år,
På berget i Høre er det måla i raudt, kvitt og blått, du var der kanskje i går?

Ja, 17. mai er ein dag fylt av glede og takksemd, og i år er mange opptekne av dette:
Vil eg få vaksina no, eller må eg vente nokre veker til før dei nåla i meg vil sette?
Ingen kan love, men me alle kan tru, at til neste år er alt ved det gamle,
Då kan me samlast på 17. mai, på onsdagskafe, på Saras kafe, på butikken,
ja over alt og syngje høgt den salme:
Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord
og atter som eit under nytt liv av daude gror.

Gratulerer med dagen!!

Ordførar Vidar Eltun

Påskefeiring 2021

Så er påska 2021 for lengst over – også denne gongen med digital kyrkjeleg feiring. Kven hadde trudd at det skulle bli slik i år òg, då vi feira påske i 2020. Planane for gudstenester på vanleg måte var klare for påska, men kort tid før kom regjeringa med nye koronarestriksjonar, og då var det berre for kyrkja å følgje med. For eigen del hadde eg fri mange av dagane i påska med gudstenester og gledde meg til «ordentlege» påsegudstenester. På kort tid laga kyrkja i Vang ny plan og hadde eit godt alternativt tilbod til oss. Ingebjørg prest la kvar dag ut ei ny salmenøtt – med ei strofe skulle vi gjette salmen den kom frå. Svaret kom dagen etterpå. Konkurransen engasjerte mange, og premien etter loddtrekning var ei signert salmebok.

Palmesundag var det ein time med open kyrkje i Heensåsen. Skjærtorsdag var det open kyrkje i Høre på kveldstid. Dette var ei fin stund der organisten spelte alle salmane for dagen, og vi

kunne følgje med på tekstane og Ingebjørg prest og Geir klukkar las tekstane for dagen. Stunda vart avslutta med at alteret vart avdekt og det svarte kristneteppet lagt på – så gjekk vi ut i stillheit.

Langfredag kunne vi digitalt følgje med på at Ingebjørg las pasjonshistoria frå St. Tomaskyrkja. Påskennattmessa vart halde i Heensåsen kyrkje utan kyrkjegjengarar, og den digitale messa frå i fjor vart lagt ut for oss alle.

Høgdepunktet av den digitale påskefeiringa i Vang var påskedagen. Då var det høgtidsgudsteneste i Vang kyrkje. Heile staben var på plass og gjorde ein god innsats. Det var og ein familie til stades i kyrkja, og vi kunne høyre ungane som var med.

Gudstenesta hadde salmesong, bøn, tekstlesing, preike, nattverd – alt ei gudsteneste skal innehalde. I god tradisjon vart gudstenesta avslutta med salmen «Ljos over grav som oss

livsvoni gav» på kyrkjetrappa – så vakkert og vemodig som alltid. Sjølv om påskefeiringa ikkje vart som vi hadde vona, er påskebodskapen den same. Som vi seier i påskennattmessa i Heensåsen kyrkje – «Kristus er oppstanden – ja Han er sannelig oppstanden.»

Tekst: Kristin Bakke Lajord



Bispevisitas hausten 2021

Tysdag 28. september – torsdag 30. september og søndag 3. oktober visiterer Biskopen i Hamar Vang.

Tema for visitasen er «møteplassar», og biskop Solveig Fiske med følge får møte mange folk og næringar i Vang desse dagane. Ho er kjend for å setje seg godt inn i tilhøva der ho kjem og er glad i å treffe folk, difor har me sett av heile onsdagen til opne arrangement for alle.

Biskopen har også faste oppgåver under visitas, som å møte alle sokneråd, fellesrådet, kommuneleiinga, halde visitasforedrag, vere inne i alle kyrkjene og ikkje minst: feire gudsteneste saman med oss.

I skrivande stund er ikkje programforslaget vårt godkjent av biskopen,



Foto av Biskop Solveig Fiske: Karianne Stordal, Statsforvaltaren i Innlandet

men programkomiteen har levert forslag med besøk på Jokerspace, jakt-lunch, Vang Auto-service, middag frå ØkoNils og mykje meir.

Tekst: Ingebjørg Vik Laugaland



Forhistoria til St. Tomas-kyrkja

1100-talet var ei politisk sett svært urolig tid i Norge, men kyrkja stod sterkt og utfordra kongsmakta for å få bestemte over seg sjølv. Mange kyrkjer vart bygd, deriblant ei stavkyrkje på Filefjell, truleg mellom 1173 og 1180. Også i England var det maktkamp mellom konge og kyrkje, og ei avgjerande hending i denne striden var drapet på erkebiskop Thomas Becket framfor høgalteret i Canterbury-katedralen i 1170. Drapet vakte stor oppsikt over heile den kristne verda, også i Norge. Og da Thomas Becket vart gjort til helgen av paven, vart kyrkja på Filefjell vigd til St. Tomas.

Stavkyrkja var liten og så lav at ein høg mann kunne ta opp i bjelkane i golvet på tårnet. Fire stavar heldt tårnet, og taket kvilte på rundbuer. Det var svalgang rundt kyrkja, som var svart av bereidding med bek. Kyrkja var litt mindre enn Borgund stavkyrkje og hadde kanskje sitteplass til om lag 100 menneske. Det var rikt inventar, der det best kjente er relikvieskrinet som no er på Bergens Museum med ein kopi i St. Tomas-kyrkja. Skrinet skriv seg truleg frå tida 1230-1250.

Klimaet var varmare i mellomalderen enn no og fjellviddene var skogvokste, så det kan ha vore fast busetnad på Filefjell. Kvifor skulle dei elles ha ei såpass stor og rikt utsmykka kyrkje? Ferdamenn mellom aust og vest kunne nok trenge både gudshus og ein stad å kome inn, men kanskje ikkje med denne storleik. Men etter svartedauden i 1349-1350 var kyrkja knapt nok i bruk. Utover 15- og 1600-talet auka folketalet att, og gamle, ubrukne katolske kyrkjer vart sette i stand. Sokneprest Ove

Ovesen Wangensteen bestemte i 1615 at det skulle vere messe i St. Tomas-kyrkja på syftesok (2. juli) kvart år. Bonden på Skogstad var kyrkjevevjer, styrte rekneskapen og tok vare på inventaret. Seinare var fjellstogemannen på Nystøga tilsynsmann. Kyrkja fekk ry for å ha undergjerande kraft og fekk nok difor rike ofringar. Kanskje var det difor den vart ståande så lenge, men etter kvart brukte fjellfarande folk kyrkja til mange verdslige gjeremål, og dørene stod ofte ope så småkrøter kunne kome inn og ein måtte spa ut møk før messa. Det årlege stemnet i samband med messa på Syftesok utvikla seg også til eit treff der folk frå Valdres, Hallingdal, Sogn og Gudbrandsdalen møttest til kjøp og sal, dans, drikk og slagsmål. Det gjekk ofte så vilt for seg at det vart sagt at «der vart mang ein god hest sprengt, mang ein sprek kar dengt og mang ei ven møy krenkt». Til slutt forlangte leiande kyrkjefolk at St. Tomas-kyrkja skulle rivast. Mot protest frå soknepresten, som hadde inntekt av den årlege messa, vart den gamle stavkyrkja riven i 1808. Det gjekk ikkje bra for dei som utførte rivinga. For ein trudde at det var andene etter dei daude som heldt til i kyrkja, og no tok dei hemn.

Sagnet fortel at kyrkjeklokkene frå St. Tomas-kyrkja let dårleg då dei kom til Vang stavkyrkje etter rivinga. Dei let betre då dei kom til Øye kyrkje. Til slutt kom klokkene attende til ny St. Tomas-kyrkja, og då vart klukkelåten som den skulle vere att. Gamle spelemenn spelte slik dei meinte å hugse at klokkene let i gamle dagar, og slik vart Tomasklukkelåten til.

Sidsel Offergaard Jevne



Relikvieskrinet frå ca. 1250 i St. Tomaskyrkja. Kopien står i kyrkja på Filefjell. Foto: Ellen Holte, Kulturhistorisk museum



St. Tomaskyrkja, slik Otto Valstad meinte den kan ha sett ut (1929). Foto: Jahn Børre Jahnsen

St. Tomas-kyrkja på Filefjell

Det går mange historio om kyrkja på Filefjell. Ei som ikkje eg hadde høyrd før, fortalde Ola Grøv meg: «Det va ei Hallingkjering so hadde vøre utta syn i fleirføldige år. Ho hadde høyrd um alle so reiste te dessa kyrkjun på Filefjell, huldrekyrkja so folk kalla o. Der øfra dei noko tå di dei kunna må i von, man-

ge vart bære, o nokon vart visst heilt bra att mæ. Det va sikkert mange hallinga i fylgji, o denna blinde kjeringe hadde dei sett på ein hesterygg. Det bar uppigjøno Hemsedal, innover Grøndalen o viare fjelle mot Smedale o St. Tomas-kyrkja. Då dei kom so langt dei kunna sjå ne te kyrkja, so såg den blinde kjeringe ogso.



Ho tenkte då at denna øfringe kunna ho spare se, o snudde heimover. Segne seie at ho på ny miste syne, o sama ko ho prøvde fekk ho det alder att.»

Eg måtte ha ein prat med han Ola før å ha noko å skrive om. Ingvall Eltun var kyrkjitenar i St. Tomas-kyrkja frå vigslinge og litt over 30 år. So overtok Ola Grøv, han hadde dette ansvaret i ca 20 år. Var det snø og dårleg vær, hende det at kyrkjelyden måtte vise ekstra tolmod når han måtte ut og bort til stupulen for å ringe tre slag.

Ola fortel at Sigrid Nystuen, som då var ti år, var den fyrste som ringde med klokkene i den nye kyrkja. Årsaka til dette var at tipp tipp-oldefar hennes, basen på Nystuen, var den siste som ringde med klokkene då den gamle kyrkja vart reven, i 1808. Han var då fire år gamal, og faren lyfte han opp så han kunne ringe med klokkene, les eg i Menighetsblad for Vang i Valdres nr 2, 2001. Der ser eg og at Kjell T. Lund, presten vår frå 1969 til 1982, har ein grundig gjennomgang av historia til St. Tomas-kyrkja i boko han skreiv med tittel «Han far».

Syftesokdagen, 2. juli 1970, var det friluftsgudsteneste på Kyrkjestølen. Biskop Alex Johnson heldt preken og sokneprest Kjell T. Lund forretta. Det var fleire innslag av korsang med Øye sanglag, der Erik Øye var dirigent. Statsråd Kjell Magne Bondevik heldt tale og la ned grunnsteinen for andre gong. «Det gamle kobberskrinet frå 1922 (ved fyrste grunnsteinsnedlegging) vart lagt ned saman med det nye, etter Hamar-bispen sitt råd, i kyrkja sin altarfot.»

Fredag 2. juli 1971 var det vigslingsgudsteneste i den nye St. Tomas-kyrkja.

Laurdag 3. juli kom det fire spelemenn med brur og brudgom i fine folkedrakter og bryllaupsgjester etter – brura med fin krone på hovudet. Brudeparet var Aud Solveig Tryti og Kaare Vennerød og prest var G. Skrede. Dette var fyrste kyrkjelege handling i St. Tomas-kyrkja.

Etterpå var det ungdomsgudsteneste som både tidlegare vangsprest Ole Johan Bondahl og dåverande prest Kjell T. Lund stod for, saman med Respons Tensing frå Gjøvik. Så vart det stort

folkelivsprogram ute med leikarringar frå Hallingdal, Årdal og Valdres. Valdreskvelven spelte. Egil Storbekken med tussefløyte, lur og bukkehorn. Anders Underdal heldt eit kåseri og sang av sine eigne viser, trødde i golvet og slo takta med staven sin.

Syndag 4. juli var det høgmesse med barnedåp. Det var seks born som vart døypt og i denne rekkefylgje: Kjell-Olav Myhre, Torbjørn Jevne, Ole Grihamar, Anders Hermundstad, Solveig Eri frå Lærdal og Roar Nordseth Karlsen frå Hønefoss.

For meg som gjennom mange år har vore litt med i NU-arbeidet, er det fint å sjå at Noregs Ungdomslag og var interesserte i bygging av St. Tomas-kyrkja. Stortingsmann P. S. Hjermann skreiv i vigslingsheftet 1971: «i 1953 fekk laget ein del obligasjonar og kontantar frå Noregs Ungdomslag. Det var restsummen av ei pengeinnsamling under okkupasjonen.»


Brurekrone og altarsølv er laga ved Valdres Sølvsmie ca 1971. Inge Høyvik har laga krona, mens altarsølvet er laga av Ulla og Martin Kaufmann, som seinare er kjente kunstnarar heime i Tyskland.

Relikvieskrinet frå St. Tomas-kyrkja kom til Bergen Museum i 1828. Fyrst på 2000-talet sa museet seg villig til å laga ein kopi. Dei såg dette som ei sikring dersom originalen skulle gå tapt. Ola Grøv fortel at dagen då kopien skulle koma, stoppa ein motorsykkel. Karen tok laus surringar på bagasjebrettet, og fram kom relikvieskrinet. At det no står i ein glasmonter synest Ola er fint, men han skulle gjerne hatt brurekrone på same vis, så folk kunne få sjå og ikkje minst vera klar over og dermed bruke den ved bryllaup.

Ola og kona Bjørg fortel så om gamle ting gjeve til kyrkja for mange hundre år sidan, som heldigvis har vore bevara rundt omkring på gardane og som er på plass i den nye St. Tomas-kyrkja. Kyrkjeklokkene, den eldste er frå 1300-talet, var i bruk i Øye kyrkje fram til 1971, altertavle frå 1677, alterklede frå 1776, alterklede med broderi og vers på, gjeve av ein skotsk offiser ca 1680 og måleri av Jakobs draum om himmelstigen frå 1693 er nokre av dei gamle tinga.



Anders Underdal underheldt.



Brureparet Aud Solveig Tryti og Kaare Vennerød med følge.

Ikkje alt er like gammalt. Ca. 2015 kom det nytt og fint toalett ved kyrkja, men altså, i 45 år var eit gamaldags avtrede borte i eit fjøs på Kyrkjistølen einaste alternativ.

Eg spør så om Ola har nokon artige opplevingar. «Tja, eit par gonger har eg og organisten, Brita Øye, stått her utan prest», fortel han. «Folk var alt kome, så eg ringde prost Anne Hilde Øigarden om råd. 'Du får gjera det beste ut av det', svara ho.» Brita og Ola gjennomførde så ei enkel messe. «Ein annan gong var Carl Philip i gang med preika, då sprett eg fram på golvet og seier: 'Stopp!' Carl Philip, roleg som alltid: 'Kva er det no då, Ola?' 'Eg er pålagt å halde brannøvelse her i dag.'» Ola ser på meg og humra litt: «Eg burde kanskje ha hugsa å informere presten litt på førehand!»

Tekst/foto:
Ivar K. Hemsing

Konsert i St. Tomaskyrkja i samband med Jørn Hilmestemnet

Per Anders og Ingvill Marit Buen Garnås held konsert i St. Tomaskyrkja under Jørn Hilmestemnet. Konserten blir 11. juli kl 17.00 og heiter Salme, segn og solbøn.

Det er gått ti år sidan Per Anders og Ingvill Marit Buen Garnås gav ut den kritikarroste plata «Salme, segn og solbøn», som kom ut på plateselskapet Ta:lik. På plata dukkar dei ned i dei mange spennande religiøse laga i folkemusikken. Ulike religiøse straumdrag har til alle tider sett merke etter seg i folkemusikken og i munnleg tradisjon knytt til denne. Førkristne og katolske motiv har smelta saman og levd vidare i songar og segn til lenge etter reformasjonen og fram til i dag.

Per Anders Buen Garnås (f. 1980) byrja å spela hardingfele i 6-årsalderen, inspirert av onklane Hauk og Knut Buen. Han har vunne Landskappleiken fire gonger, vore nominert til Spelemannprisen tre gonger og medverka på eit



uttal plateproduksjonar og konsertar. Systera Ingvill Marit Buen Garnås syng i tradisjon etter mor si. Ho har òg vunne landskappleiken i song tre gonger. Ho – som broren – har fleire plater på samvitet, «På Grønalihei» frå 2003 og «Gåtesong» frå 2005, mellom anna.

Ingvill har ei stor breidde i repertoaret sitt som spenner frå stev, viser og vers til gåtewise og balladar frå områda Telemark og Setesdal.

Knut Aastad Bråten

Velkommen på kongevegen i sumar!

Vi trur på mange besøkande denne sumaren på Kongevegen over Filefjell. Diverre har koronaviruset framleis eit grep om det norske folk, noko som kan tyde på at vi vil feriere i vårt heimland. Det meldast om god førehandsbestilling på turar, så dette er lovande.

Det er ein midlertidig stenging av Kvamskleive på nokre hundre meter opp frå parkeringsplassen ved Neset og opp til Galden i Kvamskleive. Resten av delstrekninga og alle andre delstrekningar på Kongevegen er heilt opne.

På grunn av sprenging av ny E16-tunnel under Kvamskleive er deler av delstrekninga mellombels stengt fram til byrjinga av juli i år. Årsaka er tryggleik, fordi sprenginga inne i fjellet kan utløse steinsprang. Du kan likevel gå resten av delstrekninga Kvamskleive, og alternativ inngang blir då i den vestre enden ved Søndrol. Her er det og parkering. Du kan gå frå Søndrol til området ved Galden og snu og gå tilbake. På veggen

kan du gjerne stikke nedom gardstunet til gamle Kvam lensmannsgard. Statens Vegvesen har von om å vere ferdig med drivinga av tunnelen i byrjinga av juli, då vil Kongevegen over Kvamskleive opne igjen. God tur!

Tekst og foto: Oddbjørn Skeie



Det handlar om å skape dei gode augeblikka i kvardagen!

Her kjem ei lita vårhelsing frå dei kommunale dagaktivitetstilboda i Vang.

Vi har dagaktivitetstilbod fire dagar i veka. Måndagar og torsdagar er det dagsenter i kjellaren på Vangsheimen frå kl 10 til 16.30. Onsdagar og fredagar er Solgløtt, dagaktivitetstilbodet for personar med nedsett hugs og andre alderspsykiatriske lidingar, ope frå kl 09.30 til 15.30. Dei held til i fellesareala oppe i Storplogen. Med i tilbodet er transport til og frå, lunsj og middag, samt ulike aktivitetar.

Overordna mål/visjon for oss er å vere ein møteplass for eldre i trygge omgjevnader, eit lyspunkt å sjå fram til i kvardagen. Vi ser at det er stor verdi i det sosiale samværet og opplever at dei fleste gler seg til desse dagane. Det er noko med dette å vere del av eit fellesskap, eller ein flokk!


Aktivitetane skal baserast på personsentrert omsorg og tilpassast den einkilde sine ynskjer og behov. Vi held på med ulike handarbeid, kortspel, høgtlesing, fysisk aktivitet, song, planting, kvar-dagsmeistring, måltid, minnearbeid og gode samtalar. Vi ser at for mange er det å kome saman det mest viktige, det å kunne dele både gleder og sorger med kvarandre.

Vi har andakt om lag ein gong kvar månad, og av og til konsertar i regi av Den kulturelle spaserstokken.

Om sumaren brukar vi å ha rullator-treff og stølsmesse, samt ein tur til fjells. Kvar desember har vi basar, med mange flotte gevinstar som brukarane har laga gjennom året.

På Solgløtt har vi nyleg starta «Mat for sjela» i samarbeid med Ingebjørg prest, om ulike tema som er viktig i livet, om det som gjer livet meining.

Både 2020 og 2021 har naturleg nok lagt visse avgrensingar på tilboda, med tanke på smittevern og avstandsreglar. I kortare periodar har tilboda vore stengde, men vi forsøker så langt som råd å ha ei mest mogleg normal drift. Brukarane gjev klart uttrykk for at dei verdset tilbodet høgt og at saknet er stort når det fell bort.



Vi les Bibelen saman

Kvar 2. (andre) søndag i månaden inviterer vi til bibellesing i Heensåsen kyrkje. Dette er eit lavterskeltilbod der alle kan kome og høyre høgtlesing frå Bibelen. Ta gjerne med eigen bibel for å følge med. Vi syng ein salme som passar til teksten eller etter ynskje.

Til slutt ber vi Fadervår.

Samlinga varer ein snau time.

Komande samlingar blir kl. 18.00:

12. september og 10. oktober.

Velkomen!

Vi ynskjer alle ein god vår og sumar 2021.

**Med venleg helsing
personalet v/fagleiar Birgit Remmen**

Kyrkjeklokker over heile landet vil ringe 22. juli



Mange søker til kyrkja når krisa rammar. Vi hugsar havet av roser utanfor domkyrkja i Oslo etter terrorhandlingane 22. juli. Til sommaren er det ti år sidan. Det vil markerast nasjonalt og kyrkjene er ein del av denne markeringa. Det oppfordrast til å ringe med kyrkje-

klokkene i alle kyrkjene landet over kl. 12.00 denne dagen, etter den TV-sende gudstenesta frå Oslo. Etter den nasjonale markeringa, vil det bli arrangement i Hamar der biskopen deltek på ei gudsteneste i Hamar domkyrkje kl. 18:00. Etterpå blir det appellar på Stortorget

og ei samling ved minnesmerket. Det er AUF Innlandet, Hamar kommune, Den norske kyrkja og Støttegruppa 22. juli som står for planlegginga.

Tekst: Hamar bispedømmekontor

Til ungdommen

Kringsatt av fiender, gå
inn i din tid!
Under en blodig storm –
vi dig til strid!

Kanskje du spør i angst,
udekket, åpen:
hva skal jeg kjempe med,
hva er mitt våpen?

Her er ditt vern mot vold,
her er ditt sverd:
troen på livet vårt,
menneskets verd.

For all vår fremtids skyld,
søk det og dyrk det,
dø om du må – men:
øk det og styrk det!

Stilt går granatenes
glidende bånd.
Stans deres drift mot død,
stans dem med ånd!

Krig er forakt for liv.
Fred er å skape.
Kast dine krefter inn:
døden skal tape!

Elsk – og berik med drøm –
alt stort som var!
Gå mot det ukjente,
fravrist det svar.

Ubygde kraftverker,
ukjente stjerner –
skap dem, med skånet livs
dristige hjerner!

Edelt er mennesket,
jorden er rik!
Finnes her nød og sult,
skyldes det svik.

Knus det! I livets navn
skal urett falle.
Solskinn og brød og ånd

eies av alle.

Da synker våpnene
maktesløs ned!
Skaper vi menneskeverd,
skaper vi fred.

Den som med høire arm
bærer en byrde,
dyr og umistelig,
kan ikke myrde.

Dette er løftet vårt
fra bror til bror:
vi vil bli gode mot
menneskenes jord.

Vi vil ta vare på
skjønnheten, varmen –
som om vi bar et barn
varsomt på armen!

Nordahl Grieg

Vang barnegospel 1991–2009

Vi satt i solveggen på hytta en sommerdag i 1991 og filosoferte over tilbud for barna i kirken i bygda vår, og mente at det var litt lite. Søndagsskolen på Åsvang var nedlagt, så det var faktisk ingenting som var spesielt for barna. «Det hadde vært moro å ha hatt et barnegospelkor», kom det spontant fra en av oss. Ja, hvorfor ikke? Og så var ballen i gang.

Vi sendte ut lapper ved skolestart med invitasjon til alle barn i Vang fra 6 år og oppover og meldte oss inn i KFUK-KFUM. Der hadde de en notebank som vi ville få god bruk for. Første øving ble bestemt til 3. september, og vi var spente på om det kom noen. Og det gjorde det – fra hele Vang! Kjempegøy! 32 kom på første øvinga, innen jul var det 45, og i løpet av det første året var det 55 barn som hadde vært innom koret. Den ene av oss dirigerte og så byttet vi på å spille piano og keyboard. Første opptreden hadde vi på gudstjeneste i Heensåsen kirke i oktober, og da hadde de allerede lært 4 sanger. Antrekket ble blå olabukse og rød genser med logoen vår. Vi hadde et styre med fire foreldre som var til god hjelp med planlegging.

Vi arrangerte mange familiekvelder, med sang, underholdning v/barna, leiker, utlodning og bevertning der alle hadde med mat til et felles bord. Etter hvert var vi mange steder og sang, f.eks. gudstjenester i alle kirkene, et bryllup, misjonsstevne i Ryfoss misjonshus, juletreffest på Vangsheimen, pensjonistlaget i Thorpe skole og morsfest i Øye, juleinnsynging og mønstringskonserter. Vi hadde besøk av Tore Thomassen og Ivar

Skippervold. KFUK-KFUM arrangerte barnekorfestivaler i østlandsområdet, og vi deltok på Lillehammer, Gjøvik og Raufoss.

Hver vår var vi på avslutningstur. Tro-picana på Gol var veldig populært, så der var vi flere ganger. Ellers var vi på Hunderfossen, Peppes pizza, og blåturen i nærområdet.

Årene med barnekoret har gitt oss mange gode og morsomme opplevelser, og fin kontakt med barn og unge. Da vi ønska å gi oss i 2003, var vi heldige og fikk to flinke ungdommer til å overta: Mai Liss Granlund og Kristin Hovda. De fortsatte omtrent i samme sporet, men det er klart det var morsomt med yngre ledere, og de fant nye sanger og brukte litt play-back av og til. Det var kult!

Mai Liss og Kristin dro etterhvert ut på skoler, og da overtok sokneprest Carl Philip koret noen år. Her forteller han:

«Det begynner å bli noen år siden mine år i Vang Barnegospel. Fint å få en forespørsel så jeg kan friske opp gode minner. Jeg smiler for meg selv når jeg sitter her og skriver. I følge mine godt gjemte dokumenter ser det ut til at jeg overtok i januar 2006, og da var det 19 medlemmer i barnegospel. Da vi startet øvelsene høsten 2008, var vi bare 3 medlemmer. Men så kom det flere og vi holdt på til vi hadde våravslutning i Filefjellheisen i 2009. Da ble det mange andre oppgaver som gjorde at det var naturlig å avslutte.

Jeg husker tilbake på fornøyelige øvelser, der det ikke alltid var sangen som sto

øverst på ønskelista. Klatretau, ribbevegg og sportslig materiell i gymsalen på Åsvang skapte mye engasjement. Saft og kaker hørte også til i pausen. Vi hadde øvelse en dag i uka, og den første tida var det mange med fra Vang. Jeg fylte den røde minibussen med plass til 9 og hadde livlige turer opp til Åsvang.

Fine familiekvelder, turer til badeland på Gol og Beitostølen, mønstringskonserter og deltakelse på palmesøndagens sportsgudstjeneste på Haukåsen ga mange artige opplevelser. Et høydepunkt var det da Nissa og Elisabeth fra NRK-TV sin julemorgen kom med musikere til Vang og holdt konsert sammen med barnegospel i desember 2006. Biblioteket var stappende fullt og det var «trøkk» i både barnegospel og tilreisende gjester.

Alistair organist ble etter hvert fast akkompagnatør for koret. Når han fikk ei notelinje med besifring kunne vi alltid være sikre på at koret hadde solid tonefølge.

År har gått, men mange gleder blir det når medlemmer i barnegospel stadig dukker opp i avisa Valdres som ressurspersoner i ulike sammenhenger. Det er fornøytelig å ha delt tid og opplevelser den gang både de og jeg var yngre. Blir prostelivet for høytidelig, har jeg heldigvis en del digitale bilder fra barnegospel-tida som skaper munterhet og glede.»

Ragnhild og Guro
Foto: Ragnhild Hovda



Tusen år med kristendom



Foto: Frich.no //insta: hundorp2021

«Det fyrste i vår lov er at vi skal bøye oss mot aust og be til Kvitekrist om godt år og fred, at vi må halde landet vårt bygd og kongen vår ved helse. Lat han vere vår ven og vi hans vener, og la Kvitekrist vere vår alle sin ven.»

Dette er starten på kristningslova som vart kunngjord av biskop Grimkjell på Moster i 1024. Mostertinget med Olav Haraldsson i spissen gav rettsgrunnlag for det som skulle bli den norske kyrkjeorganiseringa i mellomalderen, og tinget markerer gjennombrøtet for kristninga av landet.

Arven etter Olav den heilage lever framleis i dagens Norge. Kristninga gav oss mellom anna skule, helsevesen og grunnlag for demokratiet vårt. Symbolsk ser vi dette gjennom riksvåpenet der den norske løva held Olav si øks.

Den store nasjonale feiringa rettar seg mot symbol-året 2030. Men jubileumsfeiringa starta allereie i år, for kristning og nasjonsbygging gjekk over mange år. I år er første feiring, og det skjer i Hamar bispedømme gjennom:

Tusenårsfesten på Hundorp 29. – 31. juli 2021

Ifølge Snorre Sturlason er det i år 1000 år sidan Olav Haraldsson møtte stor-høvdingen Dale-Gudbrand akkurat her. Møtet førte til at gudbrandsdølane bøyde seg for den nye trua, samla seg om kongen og starta kyrkjebygging. Feiringa dei tre dagane vil sette fokus på

kultur møte og endringar vi står overfor i vår tid, akkurat som dei for tusen år sidan sto i ei brytningstid mellom vikingtid og kristendom, mellom ny og gamal tru. Feiringa skjer med arrangement og aktivitet for heile familien frå morgon til kveld på Dale-Gudbrands gard. Tusenårsfesten har eiga nettside med programoversikt, meir om historia og jubileet. Sjå meire på www.hundorp2021.no

«Kultur møte og endring» vil være tema for årets olsok-feiring fleire stadar, ikkje berre på Hundorp.

Den 28. juli feirst olsok i Hamar. Du kan følge pilegrimsvandring frå Vang kyrkje og inn til Domkyrkjeodden kor det blir foredrag av biskopen i Hamardomen etterfølgd av økumenisk gudsteneste. Om kvelden blir det konsert med Narum med påfølgande Olavs-vake. Sjå nærare om programmet på domkirkeodden.no/olsok

På Tolga har dei årleg tradisjon med olsok-uke som i år blir frå 23. juli til 1. august. Meir om programmet finner du på olsokitolga.no

Også i Tyllidalen, i Lom og fleire andre stadar i Hamar bispedømme er det tradisjon for olsokfeiring. Følg med på skjerikirken.no for å sjå kva som skjer der du er.

Utviklinga for samfunnet vårt i de 1000 åra etter kristninga rommar ei utroleg historie. Bli med på reisa attende i tid, men med nåtidas blikk.

Tekst:
Hamar bispedømmekontor

Ny kyrkjeordning

Kyrkesamfunn kan verte organiserte på ulikt vis over heile verda. Frå tid til annan endrar også organiseringsmodellane seg. Den norske kyrkja er no inne i ein slik endringsprosess. Den er omfattande på mange plan og difor vanskeleg å skrive litt om, men kort gjengitt har Kyrkemøtet bedd eit utval med fire underutval undersøke behovet for eit nytt organ, «prostifellesråd», i kyrkja.

Dei fire underutvala har sett på tema som geografi, tilknytting til kommunen, arbeidsgjeveransvar for tilsette, val og demokrati, teologi og biskopen si rolle.

Hovedutvalet har utarbeidd eit forslag som er på veg ut på høyring no, med høyringsfrist tidleg i oktober. (Men denne fristen blir muleg utsett.) I utkastet går det fram at medlemmene i utvalet ikkje er einige om kva som er den mest tenlege løysinga for kyrkja i framtida.

Kva med oss?

I sommar og haust er det viktig at alle sokneråd, fellesrådet og kommunen sender høyringssvar. Dei tilsette i fellesrådet sender sine innspel til fellesrådet. Denne saka vil nok få ein del oppmerksomheit framover, sidan det er tydelege og ulike meiningar om f. eks. kven som skal leie kyrkja i framtida.

Dersom du skriv inn «Samhandling i en selvstendig folkekirke» i nettlesaren din, får du opp link til heile rapporten. Kanskje det ville vore aktuelt med ein temakveld for interesserte om dette? Ta gjerne kontakt med Guro Hovda eller meg.

Ingebjørg Vik Laugaland



Nye messehaklar i Heensåsen kyrkje

Vi i soknerådet er så stolte over at haklane no er komne til kyrkja og at ein av dei allereie er teken i bruk av soknepresten vår.

For fire år sidan starta det førre soknerådet arbeidet med å få laga nye haklar. Det ligg mykje arbeid bak ein slik prosess. Soknerådet på den tida såg at den gamle hakelen var slitt og holete og slettes ikkje noko staseleg plagg lenger. Heldigvis for oss takka Berit Vidme på Vang Bunadsaum ja til oppdraget om å sy ein ny hakel.

I utgangspunktet ønskte soknerådet ein messehakel med to ulike fargar, slik at ein kunne vregje han og nytte den sida som passa best til liturgien. Dette vart ikkje godkjent av bispekontoret, og det vart dermed naudsynt å lage to.

Den eine hakelen er grøn. Stoffet er voven i stavkyrkjemønster. Dette stoffet er voven i Telemark. Heensåsen kyrkje er den einaste kyrkja som har nett dette stoffet som del av inventaret. Fargen grøn symboliserer vekst og vert nytta under mellom anna dåp, konfirmasjon og nattverd.

Den andre hakelen er fiolett. Denne er voven i silkesateng. Fargen fiolett symboliserer smerte og anger. Denne vert nytta på påskenattsmessa. Det er Heensåsen kyrkje som har denne messa, så vi meinte det var naudsynt med ein hakel som kunne understreke bodskapen i nett denne messa.

Begge messehaklane har lik form, lik kanta linje og saumar på begge sider. I ryggen på messehaklar skal korset på stolaen som presten bruker, vise. Det er også eit nesten usynleg kors brodert på ryggen på begge haklane. Alt arbeid på begge messehaklane er som sagt handarbeid utført av Berit Vidme.

Symbola på brystet har si eiga forteljing, for begge messehaklane.

Soknerådet hadde først eit ønske om at Høvda sylv og tre skulle lage symbol til både den fiolette og den grøne og søkte dermed om å få lage ei tornekrona i sølv til den fiolette og ein drueklase i messing til den grøne. Dette vart ikkje god-



kjende i første runde, men så kom det godkjenning for handlaga tornekrona i sølv – med tornar – som symboliserer smerta Jesus gjekk gjennom på korset. Denne kunne lagast på Høvda sylv og tre.

Den grøne messehakelen vart til slutt godkjend med brodert drueklase i gull på brystet. Druer refererer til vinen som vert nytta i nattverden, og vi i soknerådet synes den handteikna drueklasen vart ein fin detalj på hakelen.

På bileta kan de vurdere det ferdige resultatet sjølv – men for oss som har hatt arbeidet med utforming og resultat, så har det vore eit spennande prosjekt. Takk igjen til Berit Vidme som har sydd

alle stinga for hand, skrive mailar, funne material, justert, brodert, og no – laga to flotte messehaklar til Heensåsen kyrkje. Takk også til Inger Norunn Solhaug hjå Høvda sylv og tre for den flotte handlaga tornekrona. Og takk til Ingebjørg, soknepresten vår, som har hatt overblikk over og kontroll på prosessen. Soknerådet er stolte og glade over at haklane no er ferdige og klare til bruk!

Tekst: Kristina Heensåsen

Foto: Thor Østbye

FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE
20. SEPTEMBER

Årsmelding for Heensåsen Sokneråd 2020

Soknerådet

Leder: Steinar Frøyen
Nestleder: Bjørg S. Berge
Sekretær: Kristina Heensåsen

Saker:

Vi har behandlet 14 saker, samt 2 saker fra 2019 (sak 21/2019 Messehagel og 23/2019 Plan for arbeid 2019-2023). Det har vært et litt spesielt år med en mengde restriksjoner ved gjennomføring av messer, dugnader etc. Etter nedstengingen i vår har vi fått gjennomført både messer og dugnader etter gjeldende smittevernsregler. Gudstjenestene blei strømmet under starten av pandemien.

Soknerådet har dette første året lagt ned en del arbeid i å få rusta opp utearealet rundt kirke og kirkegard:

- Hogd ned en del tre rundt kirka/kirkegard samt rundt parkeringen
- Gruset opp parkeringsplass og satt opp stabbesteiner
- Revet ned og satt opp nytt gjerde i vestenden av kirkegarden
- Skiftet gjerde på østsiden/baksiden av kirka. Resten av gjerdet rundt kirka blir skiftet til våren, dette vil Vang kommune utføre. Her er det meste av materialene ferdig kappet opp og malt
- Montert lys i portene inn til kirka og kirkegarden

- Etablering av avfallsstasjon på kirkegarden
- Sikring av tilkomst klokkeårn. Her er det satt opp noen håndtak, Riksantikvaren er på banen om en mer permanent forbedring av dette
- Vi har også etter en grei prosess vedtatt ny gudstjenesteliturgi for soknet
- Det er og et prosjekt i gang som ser på lyssetting innvendig og utvendig i kirka

Neste år fortsetter vi arbeidet med uteområdet, få på plass nytt gjerde, prøve å få malt stallen etc., samt ordinær vårdugnad.


Det skal også på plass en minnelund på kirkegarden.

Det er også satt i gang en prosess med å få Vang Energiverk til å få fjernet noen gamle linjer oppe ved kirka.

Messehagel

Her er arbeidet med den nye hagelen godt i gang. Kostnaden på denne er beregnet til ca. kr 40.000.- Her har vi fått inn kr 20.000 ifra Menighetsbladet og kr 17.842.- i kollekt og gaver pr. 01.12.2020. Kollekten i 2020 har uavkortet gått til ny messehagel. Julaftens messe går kollekten som tradisjonen er til Frelsesarméen.

Vi har gjennomført 15 gudstjenester,



samt solefallsmesse sammen med Høre menighetsråd. Denne skulle i utgangspunktet arrangeres oppe på Slettefjell, men på grunn av dårlig vær blei denne fløtt til Høre stavkirke. Vi prøver igjen neste år!

Trosopplæringa har fulgt oppsatt plan. Bibellesning: her har frivillige i menigheten samles første søndag i måneden for dette. Her takker soknerådet for god ledelse av dette.

For Heensåsen sokneråd
Harald Høyeme

Nyttilsette i Vang kommune frå 2021

Inger Kattevold Svien, Vang
Helgestilling ved Vangsheimen

Rune Fremmerlid, Vang
GIS-konsulent vikariat

Monika Tvenge Kjøs, Slidre –
Fagarbeidar Fredheim barnehage

Lise Lunner, Fredrikstad
Miljøveileidar ved Etat for Utdanning og Kultur

Are Flaten, Vang – Medarbeidar ved Vang Frivilligsentral

Solfrid Jordalen, Vang
Personlrådgevar ved Stab

Edit Irene Nummedal, Vik
Helgestilling vikariat Miljøtenesta

Anita Hakkebo Dokkehaugen, Lomen – Helgestilling vikariat Miljøtenesta

Olav Bøland, Vang
Vikariat Miljøtenesta
Heidi Sørensen, Vang
Helgestilling Vangsheimen

Maria Aaslund, Vang
Helgestilling vikariat Miljøtenesta

Roger Martinsen, Lesja
Oppmålingsingeniør Landbruk og teknisk

Synne Børve, Vang – Vikariat heimhjelp ved Heimetenesta

Barbro Hegge, Skammestein
Sjukepleiar psykisk helseteneste – byrjar i juni

Maren Ødegaard Hvitmyhr, Lomen – Vikariat sjukepleiar psykisk helseteneste – byrjar i juni

Morten Johan Johansen, Jevnaker
Kommunalsjef Landbruk og teknisk, byrjar i juni

Anniken Olimb Myhre, Oslo
Vikariat spesialpedagog Vaksenopplæringa – byrjar i august

Vang kyrkje open i sommar

Eg håpar alle som les menighetsbladet har fått med seg at eg som prest er oppteken av å legge til rette for folk sitt åndelege liv i ei moderne verd.

Eg ønsker sjølvsagt at gudstenestene våre kan være ein stad for næring og fellesskap med Gud og kvarandre frå veke til veke, i sang, bøn og nattverd og dåp. Eg ønsker også at kyrkjerommet skal være ein stad å komme og vere utan at det er eit fastsett program, utan at presten eller andre snakkar, utan at me skal synge eller vise oppmerksomhet til andre på noko vis.

Å komme til ei kyrkjedør som står open. Å komme til ein stad der det er tid og ikkje krav. Å kunne være der så lenge ein vil og treng – det ønsker eg alle som treng det.

Dei siste somrane har me testa ulike måtar å få til dette på. Mange har brukt kyrkjerommet i Vang i opningstidene i

juli og me har fått til ulike typar vakt-hald. I år ønsker me at fleire er med og deler på vaktene, difor har eg laga skjema for inndeling av tider. Sjå på kalenderen når det passar for deg å ta ei økt eller fleire og send meg melding eller ring, så samordnar eg dette. Tel: 92 65 33 20.

Jobben er svært enkel: Du skal kun passe på at kyrkja ikkje brenn eller vert skada på anna vis og at verdiane inne i kyrkja er der også når folk har dratt vidare. Du kan gjerne stelle ei grav eller være ute så lenge du følger med på når folk går ut og inn.

Som før om åra er det ikkje lov å tenne lys inne. Verdigjenstandane er merka og registrerte, og fleire av dei har også ekstra fysisk sikring.

Håpar du ser på denne oppgåva som ei fin teneste å være med på i sommar.

Ingebjørg Vik Laugaland

	09-11	11-13	13-15		09-11	11-13	13-15
Torsdag 1. juli							
Fredag 2. juli							
Måndag 5. juli				Måndag 19. juli			
Tysdag 6. juli				Tysdag 20. juli			
Onsdag 7. juli				Onsdag 21. juli			
Torsdag 8. juli				Torsdag 22. juli			
Fredag 9. juli				Fredag 23. juli			
Måndag 12. juli				Måndag 26. juli			
Tysdag 13. juli				Tysdag 27. juli			
Onsdag 14. juli				Onsdag 28. juli			
Torsdag 15. juli				Torsdag 29. juli			
Fredag 16. juli				Fredag 30. juli			



Åpningstider i kyrkjene sommaren 2021:



ØYE STAVKYRKJE

Øye stavkyrkje:

27. juni - 15. august
Torsdag, fredag, laurdag
og søndag kl. 11-17.



HØRE

Høre stavkyrkje:

20. juni - 15. august
Mandag, tirsdag, onsdag,
og laurdag kl. 11-17.

Inngang i stavkyrkjene:

Voksne kr. 60,-
Barn under 16 år: gratis.
Grupper (min. 10 personer):
40,- pr. pers.



ST. TOMASKYRKJA

St. Tomaskyrkja :

11. juli - 8. august
kl. 12-18

Rysna og Sputrefossen

Rysna kjem frå Herredalen og renn gjennom Rysndalen før ho kastar seg ut over Givrisfossen. Det er mellom Givrisfossen og Dalsbrua vi kjem elva nærast og kjenner ho best. Likevel er det fleire ville, men mindre synlege parti nedover frå Rysnbrua og gjennom Belsheimgjelet før ho stilnar og renn ut i Begna ikkje så langt frå Øyloosen.

Sputrefossen er den nedre delen av Givrisfossen og er eit flott syn når det er stor vassføring i elva. Den karakteristiske spruten blir danna ved at vatnet blir strupt saman før det går ned i ei gryte i berget og så med stor kraft sprutar opp att i ein flott boge som dett ned i elvegjelet. Når elva er stor, står vassdrevet i gjelet, og dei frislepte hestekreftene dundrar vidare nedover elva.

Korleis heng dette saman? Kvifor vart ikkje hestekreftene tamde under dei store kraftutbyggingane på 1950- og 60-talet?

To karar som har hytter i Rysndalen

har skrive ein interessant artikkel om fossen, «Sputrefossen – Reddet av en regnefeil» (Trond S. Paulsen og Joakim Gundersen, 2016). Her fortel dei at det vart vurdert å bygge kraftverk i Rysna alt i 1921. Dei som greidde ut denne saka, bomma grovt då dei anslo tilsiget til Rysna å vera berre 10 % av det vi i dag veit at det er. Avgjerande for utbygging vart då at Rysntjernet måtte regulerast med bygging av demning. Dette fann ein ville bli så dyrt at planane vart skrinlagde.

Regulering av Rysntjernet vart det likevel på 1960-talet, arbeidet var ferdig i 1963. Det kom ikkje noko kraftverk i Rysna, og etter berre fire år vart vatnet i Rysntjernet tappa gjennom ein ny tunnel nordover og inn i nedslagsfeltet til kraftverka i Kalvedalen og Lomen. Ut av tunnelen mot Herredalen frå 1963 blir det berre slept ei minstevassføring, men det store tilsiget til Rysna frå andre bekkar og elvar sikrar vatn i elva året rundt.



I dag er det godkjent planar om eit småkraftverk som skal utnytte fallet frå Rysnbrua og nedover. Bygginga vil snart ta til, men det vil altså ikkje påvirke vassføringa ovanfor Rysnbrua. Dermed vil Sputrefossen fortsatt glitre og imponere med sin flotte boge, måtte det bli for all framtid!

Tekst og foto: Ola Heensåsen



Fargelegg!

Jesus fortalde ei likning om ein sau som hadde gått seg bort. Gjetaren leita heilt til han fann att sauen. (Teikning: Trevor Keen)



Finn fem feil

Då gjetaren fann sauene, blei han så glad at han holdt ein fest! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Trevor Keen)



Gje barnebladet
BARNAS til
eit barn du er
glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



Vitser

- Eg trur eg snart skal få ein bror!
- Kvifor trur du det?
- For kvar gong mamma har vore på sjukehuset, har eg fått ei søster.
- Ja, og så?
- Jau, no er pappa på sjukehuset ...

- Skal eg dele pizzaen i fire eller åtte stykke? spurde servitøren.
- Berre fire, takk. Eg trur ikkje eg orkar åtte.

På leirskule i Balestrand

Å vere på leirskule var både gøy, spanande og litt rart. Leirskulen som 7. klassingane i Vang har vore på sidan 1994, heiter Kringsjø leirskule.

Leirskulen vart bygd i 1904. Dei starta med leirskule i 1980. Det er sirka 1000 elevar der kvart år. Sjølv bygget liknar på eit hotell, men det er eit leirskule-hotell. Dei siste åra har dei investert 4 millionar kronar i eitt nytt marint fjordsenter, Sognefjorden Akvarium.

Måndag

Etter at vi hadde køyrt med buss i ca. 4 timer, kom vi fram til leirskulen. Der fekk vi rom og vi pakka ut. Då vi hadde fått pakka ut og vi hadde fått take på sengeklede, gjekk vi til matsalen og fekk litt informasjon om opplegget og reglane på leirskulen. Då vi hadde spist, gjekk vi ned til akvariet. I akvariet var det fisk og sjødyr. Akvariet var ganske stort og ganske kaldt. Der var vi først i filmsalen og fekk informasjon om kva vi skulle gjere på brygga. Så gjekk nokon til småbåtane og resten til seglbåten, og så reiste vi ut på fjorden og sette ut fiskegarn. Alle gruppene fekk kvart sitt garn som dei skulle ta inn neste dag. Då vi var ferdige med undervisinga, fekk vi lov til å gå på butikken.

Til middag hadde vi kyllingsnitsel og til dessert var det sjokoladecake. Det smakte ganske godt. Etter middag gjekk vi ned til kjellaren. Der spelte vi biljard, airhockey, bordtennis og hørde på musikk. Så gjekk vi til idrettsplassen. På idrettbanen spelte vi fotball. Ca. klokka 22:00 hadde vi ein siste samling for å oppsummere dagen. Etter det var alle på romma sine og skulle prøve å sove. Det skulle vere heilt stille kl. 22:30.

Tysdag

På tysdag drog vi opp fiskegarna som vi hadde sett ut på måndag, kvar gruppe hadde sitt eige garn. Mange fekk flyndrer, kråkeballar og kveite, mens i andre garn var det ingenting. Vi hadde vårt eige akvarium der vi hadde all den fisken vi hadde fått den veka, så vi slapp alt vi hadde fått opp i der. Til mat fekk vi havets skattar som var fisk og fritert blekk-sprut, det var ganske nytt for dei alle fleste, men var ganske godt. Det var også dessert kvar dag, og på tysdag var det sjokoladefondant.



Onsdag

På onsdag var vi på brygga før lunsj og på ein idrettsbane. På brygga var vi saman med ein lærar som heitte Grete. Der dreiv vi med ulike oppgåver om havet.

På idrettsbana skøyt vi med pil og boge, pusla puslespel, klatra og gjekk ein natursti. Ei oppgåve var at du skulle ta vatn frå overflata og frå botnen og måle forskjellen i temperatur, saltinnhald og oksygeninnhald. Ei anna oppgåve var å måle havnivået. Vi fann ut at temperaturen var lågare på havoverflata enn den var på botnen. Det var meir oksygen på havoverflata enn det var på botnen.

Torsdag

På torsdag gjekk vi ned til brygga. Vi var ute i båt og drog trål etter båten. Der fekk vi reker, krabber og småfisk. Etter mat gjekk vi på fjelltur, den var litt bratt og slitsam. Det var ein utsikts plass som låg 370 moh. Dei som kom opp, skreiv namnet sitt i ei turbok. Etter turen gjekk vi ned til brygga der vi drog ut med seglbåt og robåtar og drog opp djupvassline. Vi fekk ein pigghå, det er ein hai. Då vi kom tilbake på brygga, så la vi pigghåen i kummen med dei andre fiskane. Då vi var ferdige med opplegget, var det nokon som bada. Vatnet var 7 grader, så det var iskaldt!

Fredag

På fredag måtte vi rydde romma og pakke sekken. Vi hadde også siste rom-inspeksjon. Vi fekk også vite kven av gruppene som vann ein diplom for best orden på rommet. Det var moro på leirskule og vi lærte mykje om fisk og planter i Sognefjorden. Det var ei veldig fin oppleving.

Med venleg helsing 7. klasse ved VBU.




Vårhilsen

frå biblioteket og frivilligsentralen

I skrivande stund har vi ope som tilnærma normalt. Har du eit ærend, enten det er å låne bøker, bruke datamaskin/kopiere/scanne, lese aviser eller studere, så er du hjarteleg velkomen. Vi har også hatt litt ekstra trafikk dei siste vekene, då vi låner bort galleriet til vaksinering. Det er triveleg å treffe nye folk – og å kunne bidra så smått til det som skal ta samfunnet tilbake til normalen!

Datakafé og strikkekafé



Vi er strålende fornøgd med oppmøte på datakaféen som vi starta opp etter vinterferien. Kvar måndag, bortsett frå dei vekene som møteplassane våre var koronastengt, har 7-9 ivrige elevar møtt opp for å bli flinkare på data. Nokon kan ein del frå før, nokon er ganske så ferske, og målet med kurset er å få på plass grunnleggjande ferdigheiter og forståinga av den digitale verda. Vi held fram ut juni, og så kjem vi til å starte opp igjen i august – men korleis programmet blir då er enno ikkje bestemt.

Vi hadde tre **lesesirklar** før snøen smelta bort. Og etter den fjerde lesesirkelen 25. mai, med Timene av Michael Cunningham, tek vi sommarferie frå dei organiserte litteratursamtalene. Lesesirkelen tek til att på hausten, og som alltid ønskjer vi nye og gamle lesarar velkomne til å prate om ulike bøker.

På tampen av sesongen testar vi ut ein ny møteplass – nemleg **strikkkafé!** Biblioteksjefen held dørene opne og kaffien varm måndagar kl 19, frå 31. mai og ut juni. Ta med handarbeid etter eige ønske, du kan få råd og hjelp – eller



berre godt selskap.

Sommarope i bibliotek og BUA

Det nærmar seg sommar og biblioteket har normal opningstid heile sommaren. BUA held også ope heile sommaren - kvar tysdag og torsdag kl 15-18. Det har vore fantastisk moro å sjå utviklinga frå vi opna – stadig nye lånarar er innom, og mykje av utstyret har blitt svært populært og er mykje utlånt. Før påske fekk vi kr 60.000,- frå Stortinget til vår- og sommarutstyr, og no er BUA fylt opp av sykklar, sparkesyklar, spel og leiker. Takk også til dei som har stilt opp på fotoshoots så vi får vist fram det flotte utstyret vårt. Velkomen innom til både nye og gamle lånarar!

Frivilligsentralen held stengt frå 5. juli til 1. august.

Sommarles 2021 – den kulaste lesekampanjen



1. juni brakar det laus med Sommarles! Heilt fram til 31. august kan elevar på 1.-7. trinn delta på den kulaste lesekampanjen og bli med Astrid og Asbjørn inn i den magiske regnskogen. Målet med Sommarles er at barn skal lese mykje, og gjerne variert.

På sommarles.no kan du registrere bøkene du les, samle poeng, få lesetips, løyse oppgåver og følge med på kva vennene dine les! Forfattar Mari Moen Holsve har skrive historia om Asbjørn og Astrid, og kvar veke kjem det eit nytt kapittel på sommarles.no. Det vankar flotte premiar for ulike nivå, digitale trofé på nettsida og fysiske premiar du kan hente på biblioteket. Til hausten inviterer vi til avslutning der vi gjer stas på alle lesarane som har vore med. Har du spørsmål, ta kontakt med biblioteket!

Helsing Marianne og Marte



Låremuseet i Øye

Noen mennesker er utstyrt med mer energi og pågangsmot enn andre. En av disse er Aud Kvale i Øvre Dalen. Hun er født i Øye som datter til Anne Hermundstad og barnebarn til Torstein og Severine Hermundstad, men flyttet som 3-åring til farens hjemtrakter på Jevnaker. Sommerferiene ble alltid tilbrakt på besteforeldrenes gård og selvsagt på stølen. Hermundstadhaugen var «stedet som ikke forandret seg».

Aud glemte aldri sine røtter på gården i Øye og flyttet tilbake til Hermundstadhaugen sammen med ektemannen Jack Jacobsen i 2007. Da hadde de på forhånd brukt flere år på å sette i stand bolighuset. Ved rydding både i det gamle bolighuset og uthusene åpenbarte det seg svært mange gjenstander fra gamle og litt nyere tider. For 3-4 år siden begynte det å forme seg en idé om å lage et museum for å ta vare på og vise frem noe av alt dette. I tillegg til alt fra egen gard og slekt har hun fått mange gjenstander fra venner og kjente. Blant de eldste gjenstandene er et skap fra 1700-tallet, som stod på gården i Auds barndom. Dette skapet ble for lenge siden flyttet til Jevnaker og har stått hos besteforeldrene der, før Aud tok det med seg tilbake igjen til Øye.

Museet ble åpnet høsten 2019 av ordføreren og med et tallrikt publikum tilstede – det var folk «overalt» og veldig hyggelig. Aud forteller at hele prosessen har vært veldig moro og ikke så altfor

arbeidskrevende, og hun har fått veldig mange positive tilbakemeldinger.

I begynnelsen var tanken mest å lage et «kvinnemuseum», ettersom hun hadde svært mye gjenstander fra kvinnelig aktivitet. Men det har blitt en utstilling som favner veldig vidt: mye som ble brukt til selve gardsdriften, som høyvogn, et gammelt treskeverk, harv osv., og mange gjenstander brukt til matlaging: både vedkomfyr, vaffeljern og masse annet. Kvinnenes aktivitet med husflid er representert med bl.a. tre symaskiner, fire rokker og tre vever, inkl. en bildevev. Det er også gjenstander fra barnas verden – bl.a. Auds egen ballkjole fra 5-års alderen – brukt

to ganger: ved et ball og ved besøk hos fotografen. Lekesaker, dokker, barnebøker og skolegjenstander, tre alderstegne fotoapparat, gjenstander fra krigen, skomakerverktøy, deler av familiens boksamling, lærebok i husstell (eller skolekjøkken, som det også het) fra 1925, 1941 og fra Auds egen tid i folkeskolen. I det hele en svært rikholdig samling som er vel verdt å besøke.

Selvfølgelig kjenner Aud også historien bak veldig mange av gjenstandene hun har i museet, så det er godt mulig at hun også får samlet alt dette mellom to permer en gang i fremtiden.

Aud forteller at hun holder åpent første søndag i hver måned, men tar også imot bestillinger og drop-in-besøk.

Tekst: Sidsel Offergaard Jevne





Bruk bygdas egne bedrifter

Ala Camping	93 42 94 02	Mjøsvang Kafe	99 56 70 54
Alle Gode Ting Er Tre	48 09 59 48	Montér Kvismo	61 36 81 85
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Pelssau, Bente Wangensteen	99 71 43 18
Bøflaten Camping	61 36 74 20	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Coop PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Ryfoss Betong	61 36 44 00
Egges Mekaniske	91 19 29 14	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Elektrisk Installasjon	61 36 70 56	TK Bygg	99 00 94 84
Elektromontasje	48 26 73 64	Tveitabru Bygg	61 36 81 02
EI-Montøren	90 96 83 00	Tyin Filefjell Utvikling	46 66 56 65
Filefjellsenteret	61 36 77 17	Tyinkrysset Fjellstue	61 36 78 00
Fosse Frisørstudio	94 89 12 05	Valdres Gjensidige	61 36 07 11
Grindaheim Bygg & Restaurering	91 30 13 14	Valdres Gravsteinsindustri	95 17 55 95
Haukåsen Sølvis Saum	95 91 55 06	Vang Auto-service	61 36 75 00
Heen Tre	90 93 29 57	Vang Bunadsaum	41 56 07 59
Helsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Bygg	97 51 95 37
IngWi modell	91 78 01 38	Vang Grave- og Transport-service	95 87 90 04
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Joker Ryfoss	61 36 80 77	Vang Maskin	91 10 19 28
Jotun Bygg	99 69 06 30	Vang Rør	99 52 22 22
Jotunkraft	61 36 75 50	Øye Bygg og Bo	61 36 87 68



Slekters Gang

Høre sokn

Død:

23.03.21: Ola K Skjefte

05.05.21: Tordis Marie Kirkeengen

21.05.21: Randi O. Veflen

Øye sokn

Døyp:

24.04.21: Matheo Kjørstad Bø

24.04.21: Anette Bø

Vang sokn

Død:

03.06.21: Solveig Marie Kvam

05.06.21: Elisabeth Maria Sparstad

Kondolanskort

Kondolanskort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye
Sokneråd

Kondolanskort

Kondolanskort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre
sokneråd

Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre.

Søknad kan sendast til:

Torgeir Før's minne,
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen
eller e-post:
torgeirforsminne@yahoo.no

Regnskap for Vang menighetsblad 2020

Konto	Tekst	Utgifter	Inntekter
3110	Trykking 4 nr	45360,00	
	Mat Tyinkrysset	2331,00	
3120	Gaver/blomster	3957,60	
3130	Porto	7948,80	
3160	Utkjøring av blader	1178,53	
3270	Layout 4 nr	26000,00	
3429	Mva som gir rett til mva-komp	9476,60	
3729	Mva drift		9476,60
3870	Abonnement, sponing, annonser, innstikk, tilskot frå andre		74475,00
		96252,53	83951,60
		-83951,60	
	Overforbruk	12300,93	

Saldo ved årsskiftet: kr 172 589,08

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgevar: Sokneråda i Vang

Redaksjon:

Sidsel Offergaard Jevne, Jovita Budvytiene, Ivar Helsing, Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:

Sidsel Offergaard Jevne

Rekneskap:

Kyrkjeleg fellesråd
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkast i 900 eks. fullfarge.

Gudstenesteliste

27. juni – 5. søndag i treeiningstida
Heensåsen kyrkje kl. 11:00
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvytis

4. juli – 6. søndag i treeiningstida
St. Tomaskyrkja kl. 12:00
 50-års jubileum St.Tomaskyrkja. Fest-
 gudsteneste med nattverd v/sokneprest
 Laugaland, organist Budvytis og gjester

7. juli – onsdag
 Vang kyrkje kl. 10:30 Morgonsong

8. juli – torsdag
 Vangsheimen kl. 13:00 Andakt

11. juli – 7. søndag i treeiningstida
St. Tomaskyrkja kl. 12:00 - 18:00
 Open kyrkje
 St.Tomaskyrkja kl. 17:00 Konsert

18. juli – 8. søndag i treeiningstida
St. Tomaskyrkja kl. 12:00 - 18:00
 Open kyrkje
 Slettefjellet kl. 19:00 Solefallsmesse
 v/sokneprest Laugaland, organist
 Budvytis og fleire.

25. juli – 9. søndag i treeiningstida
St. Tomaskyrkja kl. 12:00 - 18:00
 Open kyrkje

29. juli – Olsok
Vinjubui på Eidsbugarden kl. 17:00
 Olsokmesse v/sokneprest Laugaland
 og organist Budvytis

1. august – 10. søndag i treeiningstida
Grøvtølen. kl. 12:00 Stølsmesse
 v/sokneprest Laugaland og organist
 Budvytis

1. august – 10. søndag i treeiningstida
St. Tomaskyrkja kl. 12:00 - 18:00
 Open kyrkje

4. august – onsdag
 Vang kyrkje kl. 10:30 Morgonsong

5. august – torsdag
 Vangsheimen kl. 13:00 Andakt

7. august – laurdag
Vang kyrkje kl 11:00
 Konfirmasjonsgudsteneste

8. august – 11. søndag i treeiningstida
St. Tomaskyrkja kl. 12:00 - 18:00
 Open kyrkje

15. august – 12. s. i treeiningstida
St. Tomaskyrkja kl. 12:00 - 18:00
 Open kyrkje

29. august – Vingardssundagen
Heensåsen kyrkje kl. 11:00
 Gudsteneste med nattverd v/vikar
 og organist Budvytis

5. september – 15. s. i treeiningstida
Høre stavkyrkje kl. 11:00
 Gudsteneste med nattverd v/vikar og
 organist Budvytis

12. september – 16. s. i treeiningstida
Øye kyrkje kl. 11:00
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvytis.
 Konfirmantpresentasjon

19. september – 17. s. i treeiningstida
Helinåsen kl. 12:00 Jaktmesse
 v/sokneprest Laugaland og organist
 Budvytis

28. - 30. september – tysdag - torsdag
BISPEVISITAS
 Følg med på eige program.

3. oktober – 19. s. i treeiningstida
Vang kyrkje kl. 11:00
 Visitasgudsteneste v/biskop Fiske,
 prost, prest og organist Budvytis.
 Nattverd. Utdeling av bøker til
 4- og 6-åringar

10. oktober – 20. s. i treeiningstida
Heensåsen kyrkje kl. 11:00
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvytis.
 Utdeling av bøker til 4- og 6-åringar

20. oktober – onsdag
 Vang kyrkje kl. 10:30 Morgonsong

21. oktober – torsdag
 Vangsheimen kl. 13:00 Andakt

24. oktober – 22. s. i treeiningstida
Høre stavkyrkje kl. 11:00
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvytis.
 Utdeling av bøker til 4- og 6-åringar

31. oktober - Reformasjonsdagen
Øye kyrkje kl. 11:00
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest
 Laugaland og organist Budvytis.
 Utdeling av bøker til 4- og 6-åringar



Gjensidige

Valdres

- har betalt denne utsendinga av
VANG MENIGHETSBLAD